

Seterbrukaren

Skrift frå Norsk Seterkultur
Nummer 2 – Juni 2002

Innbald:

Byrtnes Seter ved Tesse	s. 2
Seterdrifta treng handling	s. 3
50 påmeldte til Grønt Spjutak	s. 3
Seterdrifta i Sør-Trøndelag	s. 4
Her alle seterbrukarar!	s. 7
Årsmøtet	s. 5
Vurdering av utmarksbeite	s. 5
Optimisme på veglaus fellesseter	s. 6
Setring og nøpplar i Torndalen	s. 8
Seterkalendareren	s. 8
BIO-konferansen	s. 9
Kvinner i fjellet	s. 10
Internasjonalt slatskonferanse 2002	s. 10



Norsk
Seterkultur

Nok fine ord, prosjekt og konferansar?

Seterdrifta treng handling!

I desse dagar sender norske bønder 35-40 000 kyr og 15-20 000 geit til støls, og framleis finn vi setre i drift frå Agder i sør til Finnmark i nord, frå kysten i vest til skogbygder i aust. Slik sett er seterdrifta her i landet unik, den er ikkje berre knytt til dei områda vi omtalar som fjellbygder. Seterkulturen vår er mangfald - enkeltstølar eller fellessetre, finst høgt og lågt, nære garden eller mange mil unna, i grend eller einsleg. I dei fleste tilfella blir mjølka henta til vidareforedling på meieriet, men også lokal foredling er vanleg.

Det har vore aukande fokus på denne delen av landbruket siste åra. Prosjekt, konferansar og publikasjonar omtalar seterdrifta og seterområda med rosande ord: *kostnadseffektiv mjølkeproduksjon, viktig for kulturlandskapet og det biologiske mangfaldet i utmarka, eit stort gode for reiseliv og friluftsliv og grunnlag for ulike attåtningar på mange gardar*. For nokre år sidan kom seterdrifta inn i landbrukspolitikken - med eit særskilt setertilskot, som no er på 13.000 kroner pr. setereining. Verkemidlet står altså fast etter årets jordbruksforhandlingar - og summen er uendra.

Alt dette er bra, tilskotet har medverka til å flata ut attendegangen nokre år, men ikkje nok til å hindre ytterlegare nedgang i talet på setre i drift. Sjølv om vi stadig ser at gamle setre blir tekne i bruk att, så veg ikkje denne nysatsinga opp for dei som sluttar. Frå 1996 til 2001 er 338 enkeltsetre nedlagt, ein nedgang på 21 prosent! Frå 2000 til 2001 vart - ifølgje statistikken for setertilskotet - 119 enkeltstølar borte! I vesentleg grad som følgje av omfattande kvotesal og avvikling av små og mellomstore mjølkeproduksjonsbruk. Slik kan ein fristast til å skrive om ordtaket: "kua og geita dør medan prosjekta og konferansane veks"! Ikkje så at vi er imot forskning, prosjekt av ulike slag og konferansar, men først og fremst krevst det no handling og motiverande tiltak mellom dei som verkeleg ber denne driftaforma!

Seterdrifta står og fell med den generelle landbrukspolitikken. Med stadig nye omdreiningar i retning av omstrukturering av mjølkeproduksjonen fell dei bruka som nyttar stølane ut. I dei tyngste seterområda i Oppland har gjennomsnittsbruket 11-12 årskyr, ikkje akkurat vinnarane i den landbrukspolitikken som no blir ført! Med kvotebørs og vriding av verkemidla frå gjennomsnittsbruk til stordrift må vi diverre rekne med aksellererande avvikling av seterdrifta. Skal vi greie å snu utviklinga må omsynet til kulturlandskap, biologisk mangfald, dyrehelse og produksjons-etikk og det fleirfunksjonelle landbruket bli meir enn fine ord. Seterdrifta si framtid avheng no av konkrete verkemiddel! Det hjelper ikkje med konferansar, prosjektmakeri og fine ord. **Ramevilkåra for dei som driv setring må bli betre!** Vi har jamvel internasjonale forpliktelsar i å ta vare på og vidareutvikle seterdrifta.

Stadig fleire bønder ser seg om etter fleire føter å stå på i drifta - slik som turisme, grøn omsorg og lokal foredling. Setra er ein opplagt ressurs i dette biletet. I utviklinga av lokal småskala foredling av mjølk er tradisjonane frå setrene ei gullgruve å ause av. Det er i første rekkje på setra kompetansen har overlevd gjennom dei store endringane i landbruket. Det er på setra vi finn sjølve "treskuren" i mjølkeforedlinga, eit fantastisk utgangspunkt for ny verdiskaping i eit pressa landbruk. Ein landbrukspolitikk som svekker økonomien på dei mjølkeproduksjonsbruka som i første rekkje driv setring kan fort slå føtene unna mulegheitene for t.d. utviklinga av småskala foredling og bygdeturisme.

Jostein

Norsk seterkultur

- **einaste organisasjonen for seterdrifta**

Sidan denne utgåva av Seterbrukaren går ut eit større opplag enn vanleg - og m.a. blir distribuert via medlemsstølar, turistinformasjonar, samarbeidande organisasjonar o.a. - gir vi her nye lesarar litt grunnleggjande informasjon om Norsk seterkultur (NSK):

Organisasjonen Norsk seterkultur - eit nettverk og ein interesseorganisasjon for aktive seterbrukarar og alle andre seterinteresserte - vart stifta i mars 1999. For første gong vart seterdrifta organisert! Arbeidet med å få til dette starta alt først på 1990-talet, og skaut fart med eit toårige prosjekt frå 1997-99. Prosjektet "Norsk senter for seterkultur" munna ut i organisering av seterbruket og la samstundes grunnlaget for utviklinga av eit nettbasert informasjons- og kompetansesenter. NSK gir ut bladet Seterbrukaren (vanleg opplag 7-800) fire gonger i året, har ei jamt oppdatert og godt besøkt heimeside www.seterkultur.no med generell informasjon, marknadsføring av seterprodukt, jobbformidling m.m., arrangerer fagseminar, har kontakt med utdannings- og forskingsinstitusjonar og er aktiv overfor landbruksorganisasjonane og styresmaktene. Landbrukssamvirket er representert i styret i organisasjonen.

Organisasjonen har sjølsagt sterkt fokus på situasjonen i dag og framtida for seterdrifta, men arbeider óg mykje med kulturhistoriske tema. Verksemda byggjer på medlemspengane og ei viss ekstern finansiering av delprosjekt. Alt arbeidet i organisasjonen blir gjort på dugnad, såleis er det så absolutt tale om ei "grasrotrørsle". Men håpet er at organisasjonen skal få del i ein liten slant av dei offentlege midlane som går til liknande organisasjonar.

NSK kan sjølsagt ikkje unngå å peike på alt som truar seterdrifta, tunge trendar i landbrukspolitikken, arealkonfliktar i fjellområda, rovdyr o.a. - men ser det som viktig å balansere dette opp mot dei mulegheitene som framleis ligg i seterdrifta og stølskulturen. *Det å motivere seterbrukarane er ei hovudoppgåve for organisasjonen.* Gjennom å informere om mangfaldet i driftsmåtar, praktiske løysingar og nyskaping vil organisasjonen prøve å sette mot både i dei som alt driv setring og dei som ynskjer å starte opp.

Uttale frå NSK

Stølsdrifta treng både nasjonale og regionale verkemiddel

Årsmøtet i Norsk seterkultur ber om at tilskotet til seterdrift blir oppretthalde som nasjonalt verkemiddel for å styrke og vidareutvikle seterbruket. Berre på det viset kan ein sikre det store mangfaldet som seterdrifta i Noreg representerer, frå fjordbygder i vest til skogbygder i aust, frå lengst sør til lengst nord i landet. Stølsdrifta er svært viktig for å ta vare på kulturlandskap og biologisk mangfald - og har dessutan eit enormt potensiale for ytterlegare verdiskaping i bygdene. Difor bør tilskotet aukast monaleg. Organisasjonen ynskjer óg at dei aktive setrene og stølslandskapet blir prioritert innanfor bruken av andre verkemiddel, som t.d. STILK-midlane. Framtida for seterdrifta avheng sjølsagt av dei generelle vilkåra i mjølkeproduksjonen, men kan óg i vesentleg grad påverkast gjennom ein auke i setertilskotet og medveten bruk av andre verkemiddel både nasjonalt og ikkje minst regionalt.

Seterdrifta i Sør-Trøndelag - ”den best bevarte hemmeligheten nord for Dovre”!

Vellukka seminar og årsmøte

Norsk seterkultur hadde fagseminar og årsmøte i Oppdal helga 6.-7.4.02 - med deltakarar frå i alt åtte fylke. Harde influensaåtak førte til endringar både i programmet og nokre tomme plassar i konferansesalen, men seminar og årsmøte vart i hovudsak gjennomført etter planen. Programmet omfatta ei rekkje spennande foredrag om ulike former for seterdrift i Rennebu, Oppdal, Surnadal og Sunndal, men óg innlegg frå regional og nasjonal landbruksforvaltning. Vi tek her med litt i stikkordsform. - Ordførar John Egil Holden, bonde på ein gard på grensa mellom Oppdal og Rennebu som opphavleg var sæter, ga eit interessant innblikk i korleis fjellbygda Oppdal utviklar seg, med særleg fokus på landbruket - seterdrifta og den samla bruken av utmarksressursane. Erik L. Moen frå Surnadal steppa inn på kort varsel - og delte erfaringar med forsamlinga vedk. mjølkeproduksjon med seterdrift. Dei tok oppatt seterdrifta samtidig med at dei la om til økologisk drift, og med mange års erfaring og enorm kompetanse på slik drift, kunne Erik Moen gi forsamlinga mange gode råd. Ragnhild Grendal, Mette Nordbø og Einar Holden, alle bønder og seterbrukarar i nabokommunen Rennebu imponerte og inspirerte forsamlinga med skildring av ulike driftsopplegg - både i ord og bilete. Og både landbruksdirektør Tore Bjørkli og Anette Søråas frå Landbruksdepartementet ga uttrykk for at dei gjennom foredraga fekk nyttig innsyn i seterdrifta i området. Bjørkli kunne konstatere at Sør-Trøndelag er ”seterfylke” nr.2 i landet- målt i talet på bruk som setrar. Og han slo fast at dette livskraftige og varierte seterbruket er den ”best bevarte hemmeligheten nord for Dovre”. Både Bjørkli og Søråas ga klare meldingar om at setertilskotet vil bestå, og vi ana elles svært positive haldningar til ytterlegare satsing på denne driftforma. Bjørkli gjekk elles innpå utviklingspotensialet i seterdrifta i høve til nisjeprodukt og reiseliv, tema der mange av deltakarane engasjerte seg. Jon Strand, lærar, skiløpar og fjellfører - og med seterlivet i kroppen frå barndom og ungdom, tok oss med til fleire setre i Oppdal - og fortalte om eit populært tilbod om guida turar til to setre i bygda. Ei fin avrunding av ein tettpakka seminar dag. Om kvelden, etter middag, tok Oddbjørn Svisdal, kulturvernkonsulent i Sunndal kommune, oss med til Gammelsetra i Grøvudalen. I eit ”fyrverkeri” av eit kåseri - i skjemt og praktfulle bilete - og alvor, tok han forsamlinga med på gjenoppbygginga av det praktfulle seteranlegget - eit svært idealistisk arbeid som vart ”krona” med 270.000 kroner frå Finsefondet. Over 400 har gjennom åra gått seterkurs i Grøvudalen - og staden vil nok også i framtida vera eit kraftsenter for seterkulturen vår.

Årsmøtet

Marit Hoel losa forsamlinga trygt gjennom årsmøtesakene. Årsmelding og rekneskap vart samrøystes godkjent. Driftsutgiftene i 2001 kom totalt på 68.000 kroner, eit prov på at organisasjonen får mykje gjort med små midlar. Årsmøtet brukte ein god del tid på handlingsplanen for 2002 - som utan tvil vitnar om optimisme og store ambisjonar. Det vart særleg fokusert på at ein no bør byggje opp eit større nett av kontaktpersonar kringom i landet, som - i samarbeid med styret - m.a. kan profilere NSK på ulike vis, skaffe stoff til Seterbrukaren, melde frå om arrangement og representere på ulike lokale og regionale arrangement. Valnemnda hadde førebudd vala. Berit Runningen, Vågå og Geir Harald Fodnes, Nord-Aurdal (1. vara) hadde sagt frå seg attval. - Jostein Sande, Norddal, vart attvald som leiar i NSK. Nytt styremedlem vart Kjersti Reksten Sole frå Garmo i Lom. Styret er elles samansett av Marit Hoel, Molde (nestleiar), Anne Ulsaker Bækken, Hemsedal og Gjermund Stormoen, frå Tine, med vara Knut Erik Grindaker, Tine - som repr. landbrukssamvirket. Varamedl. til styret : Atle Meås, Fåvang (Ringebu) (ny), Bente Kaasen Enlid, Budalen (Midtre Gauldal) og Ingrid Arneng, Øystre Slidre. Revisor: Einar Ulsaker, Hemsedal. Valnemnd: Jorunn Hagen, Øyer, Barbro Stordalen, Tinn og Ragnhild Grendal, Rennebu.

BIO-konferansen:

Framtida for mangfoldet i utmarkas kulturlandskap - sterkt fokus på seterområda

På konferansen på Blindern 26.-27. april deltok over 100 personer, først og fremst fra forvaltningen og ulike forskningsmiljøer, men også fra landbruksnæringa og frivillige organisasjoner. Konferansen ble arrangert av Norsk Biologforening(BIO) og Samarbeidsrådet for biologisk mangfold (SABIMA). Temaet for konferansen var framtida for det biologiske mangfoldet i utmarkas kulturlandskap. Gjennom 16 foredrag og en paneldebatt ble det gitt informasjon og drøftet ulike problemer, og i svært mange innlegg ble det fokusert på stølsområda og seterdrifta. Leder i Norsk seterkultur var en av foredragsholderne, og ledet dessuten den avsluttende paneldebatten.

Uttalelse fra konferansen

Gjennom konferansen var det enighet om en del synspunkter, som går fram av uttalelsen vi gjengir nedenfor. Det viktigste synes å være det faktum at rundt en tredjedel av de trua artene i Norge lever i kulturlandskapet, og skal disse overleve, må det ekstensive landbruket sikres fortsatt eksistens. Vi trenger derfor en framtidig forvaltning og politikk som ved å fremme miljøvennlig landbruk tar vare på naturens mangfold og vårt varierte kulturlandskap.

Trusler

Fra naturens side har Norge et svært variert miljø. Dette avspeiles i et variert kulturlandskap, som i store deler av landet nært opp til vår tid har vært drevet allsidig og tradisjonelt. Norge har derfor fortsatt kulturlandskap med høyt mangfold, både på innmark og i utmark. Gjengroing truer i dag verdifulle kulturlandskap over hele landet. Store jordbruksarealer har gått ut av produksjon, tradisjonell forhøsting på marginal mark er nær forsvunnet og bruk basert på ekstensiv produksjon som er spesielt viktige for biologisk mangfold legges ned med en hastighet på over 2000 bruk i året. I tettstedsnære strøk truer arealbruksendringer og utbygginger verdifull jordbruksmark og kulturlandskapsverdier. Spesielt raskt går gjengroinga i utmarka, hvor både biologisk mangfold og verdifull beitemark går tapt.

Mangfold og ekstensivt landbruk

Et miljøvennlig ekstensivt landbruk er en forutsetning for å ta vare på arter knyttet til kulturlandskapet. Skal det biologiske mangfoldet knyttet til dette landskapet bevares, så må landbruket gis vilkår og støtte

som effektivt opprettholder mangfoldet i levemiljøer og arter. Levemiljøene ligger spredt rundt gårdsbruk, seterområdet og i utmark over hele landet. Oftest er levemiljøene knyttet til tradisjonelle utmarksbeiter, slåtteenger og slåttemyrer, seterområder, beitevoller, hagemarksskog og andre områder med lang historisk utnyttning. Det må til en betydelig økning av oppmerksomhet og økonomiske virkemidler for å ta vare på den viktige rollen det ekstensive landbruket har for biologisk mangfold. I tillegg kommer den rollen det småskala landbruket har som kultur-; identitets- og tradisjonsbærer, landskapspleier for turistnæringa, bevarer av matsikkerhet og ikke minst som produksjonskjede for rein og miljøvennlig mat.

Utmarka

For å stoppe den aksellererende gjengroinga som truer det biologiske mangfoldet i utmarka, må det utformes en landbrukspolitik som opprettholder et landbruk med variert og ekstensiv utnyttelse av utmarka. Norge er det eneste land i Nord-Europa som fortsatt ivaretar tradisjonen med en utstrakt kulturbruk av utmarka. Seterdrifta og utmarksbeiting utfører viktig skjøtsel av svært gammelt kulturlandskap. Fokus på utnyttelsen av utmarka må derfor styrkes betydeleg, både i forsknings-, miljø- og landbrukssammenheng. Støtteordninger som sikrer miljøvennlig, variert og ekstensiv utnyttelse av utmarka må videreutvikles.

Internasjonal stølskonferanse 2003

Det er sett i gang arbeid med å få til ein internasjonal stølskonferanse i 2003. Fjellregionsamarbeidet står sentralt i arbeidet, med Landbruksdepartementet og Norges Turistråd som støttespelarar. Norges Vel utfører ein del av planleggingsarbeidet, og nær førestående er m.a. opprettinga av ei breiare referansegruppe som skal kome med innspel til den sentrale arbeidsgruppa som leier planlegginga.

Mykje av opplegget er i ferd med å ta form, m.a. har arbeidsgruppa drøfta visjon, målsettingar og målgrupper. Vi merkar oss at ein i utgangspunktet meiner det er viktig å få fram at stølsdrifta har ei framtida og at praktikarane, bøndene, er sentrale. Det bør skapast ei haldning blant bøndene og andre brukargrupper om at dette skal det satsast på. Det er óg lagt opp til at reiselivet må utfordrast på mulegheitene setrene og stølsområda byr på, gjerne i perspektiv av større integrasjon landbruk-reiseliv. Vidare ser arbeidsgruppa det som viktig å trekkje inn internasjonale miljø, som både kan vise til erfaringar og gi råd om kva kvalitetar stølsdrifta og norske stølslandskap har. Politisk leiing i LD er tiltenkt ein rolle i programmet. Konferansen blir lagt til Beitostølen 4.-5. september 2003. Eit forprosjekt skal vera klart 15.9. 2002, og LD skal i hovudsak skal stå for finansieringa av forprosjektet, og truleg bidra vesentleg til sjølve konferansen.- Faglaga, Norsk seterkultur, lokalt og regionalt reiseliv er invitert til å bli med på eit møte for å koma med innspel til opplegg og program på konferansen. Marit Hoel deltek for NSK i denne referansegruppa.

Kvinner i fjellet

- konferanse med fokus på forvaltning, kulturarv og friluftsliv

11.-12. desember blir det arrangert ein konferanse på Røros med fokus på "fjellenes kvinner". NSK er med i planlegginga av konferansen, som sjølsagt har samanheng med det internasjonale fjellåret. Åshild Dale har vore med i dette arbeidet, og ho kan melde om eit foreløpig program som i stor grad fokuserer på levande bygder, seterdrift og budeierolle, Grønt Spatak, tradisjonsmat - i tillegg til tema innan friluftsliv og praktisk forvaltning. Ei rekkje kjente personar frå sentrale organisasjonar og institusjonar står på programmet, og Åshild kan også melde om at dronning Sonja vil delta på konferansen - og truleg miljøvernministeren.

50 påmeldte til Grønt Spatak

Norsk seterkultur er som kjent med på prosjektet Grønt Spatak - saman med Natur og Ungdom, Norsk Bonde- og Småbrukarlag og Felleskjøpet. Frå NU blir det meldt om 50 påmeldte, til beitetilsyn og seterstell. Mange seterbrukarar har meldt seg interessert i å ta i mot ungdommar for ei veke eller to, og NSK har meldt dette vidare til dei som administrerer opplegget. Det bør i allefall vera greit å gi desse ungdomane gode oppgåver og fine opplevingar på ein støl. Med positive presseoppslag/utspel er dette ein fin måte å profilere setrene på, i tillegg til det primære: å skape dialog mellom ungdom og landbruk gjennom praktisk arbeidsinnsats og deltaking i det mangfaldige livet på stølen.

(Ny i styret)

Gløym ikkje giroen -

Vi treng medlemar og abonnentar!

Norsk seterkultur baserer drifta på medlemspengane. Arbeidet blir gjort utan godtgjersle, men trykking av medlemsblad, porto, internett-tilknytning, heimeside, kontorhald og ein del reiser kostar sjølsagt ein del. Når vi no legg ved giro for innbetaling av medlemspengane/ abonnement på Seterbrukaren håpar vi mange betalar! Også institusjonar, organisasjonar og offentleg forvaltning - som bør halde seg oppdatert om alt det spennande som skjer rundt om på stølane våre.

NSK er den einaste landsomfattande interesseorganisasjon (medlemar/abonnentar i alle fylke) for stølsdrifta og seterulturen i vid tyding, og gode tilbakemeldingar tydar på at innsatsen NSK gjer for å sikre og betre tilhøva for denne driftsforma blir lagt merke til og sett pris på. Ein søknad til partane i jordbruksforhandlingane om ein beskjeden driftsstøtte, fekk gledeleg faglaga sin støtte (dvs. låg inne i kravet deira). Og vi hadde faktisk von om at landbruksdepartementet ville vera med på dette. Men nei. - Difor er det framleis berre dugnaden å lite på!

Kontingenten har stått uendra sidan starten i 1999, og for ein heller beskjeden sum er du med på å støtte arbeidet for seterdrifta og seterulturen i heile sitt mangfald - og du får informasjon om mykje av det som skjer i "seterlandet" gjennom dei fire utgåvene av Seterbrukaren. Seterbrukarar som har produkt å tilby: opplevingar, losji, aktivitetar, kurs, ost, smør får i tillegg ein presentasjon på heimesida www.seterkultur.no for brukarkontingenten (kr. 250,-). - Den same heimesida har også "spalte" for jobbformidling og kjøp og sal av tenester med tilknytning til setra, i tillegg til å presentere stadig meir ålmenn informasjon om stølsdrift og seterkultur.

Optimisme på veglaus fellesseter i Etne

Eikemo fellessæter i Etne vart skipa i 1982 - då ny flott bilveg erstatta gjengrodde stiar og det vart bygd nytt geitefjøs med plass til 250-300 geit. Den gamle stølen, som altså har eit moderne fellesfjøs, ligg 400 m.o.h. Korkje bygda eller setra er knytt til det offentlege vegnettet, såleis blir mjølka frå fellessetra transportert med traktor og hengar dei 6 km ned til fjorden - vidare med båt til tankbilen på hi sida av fjorden. Staden er altså ikkje så lett tilgjengeleg, men for dei som har lyst til å vitja denne fantastiske plassen i sommar er det berre å ta kontakt med Nils-Kjetil Eikemo på tlf. 537542 24. Nils-Kjetil fortel at dei vil markere 20 årsjubileum for fellessetra med ei skikkeleg seterhelg 27.-28. juli.

Han fortel at det har vore drift på denne stølen i mange hundre år, men tidlegare med kyr - før geitene altså overtok. Setra tel i dag 15 hus attåt det moderne geitefjøset. Dei eldste husa er frå 1630. Ovanfor setra er det teke vare på fleire utlør, som óg gøymer mykje historie i seg. I marka kring setra gjekk besteforeldra våre med stutturv og hausta godt fór, fortel Nils-Kjetil. - No formidlar ein litt av dette vidare til dei som vitjar stølen. Det er årleg seterhelg og sameleis leirskule, som har vorte svært populært. Ungdomane får vera med å mjølke geit og alt anna arbeid som høyrer seterlivet til. Og geitemjølkannekaker har vorte litt av ein spesialitet!

Geitefjøset har varmt og kaldt vatn, wc og dusj og opphalds/pauserom. Mjølkestallen har plass til 6 geiter i gongen, det blir 4-5 timar arbeid for dagen - og kring 400 liter mjølk pr. dag. Dei gode beita gir høg avdrått. Mjølka går til Tine sitt ysteri på Haukelid, og endar som foredla vare i USA som m.a. pizza-ost! - Drifta går frå ca. 23. juni til 30. september og det er mest skuleungdom som søker på budeiejobbane. Nokre av dei har vore fleire somrar, godt for brukarane og eit teikn på at ungdomane trivst på stølen.

Hei alle seterbrukarar!

Eg heiter Atle Meås, og vart vald til 1.vara til styret i Norsk Seterkultur no på årsmøtet. Eg bur, og driv gard i Fåvang i Gudbrandsdalen saman med sambuar Morten. Garden vi forpaktar er eit brattlendt småbruk som heiter Bjørgerønningen. Den ligg på "solsida", høgt oppe i lia rett overfor Losna for den som er lokalkjent. På garden driv vi med litt av mykje. Hovudproduksjonane er mjølk på ku og geit. 30 tonn i kukvote og 16 tonn i geitekvote. Geita har vorte sjeldan i Gudbrandsdalen og, men akkurat her i Ringebu kommune er det enda att 7-8 produsentar. I tillegg har vi vel 20 vinterfôra søyer av farga spælsau og ei grisepurke. Høner og kalkunar er hobby. Den siste NRF-kua gjekk til slakt sist haust, så no består buskapen av dei gamle norske storferasane Sidet Trønder- og Nordlandsfe, Dølafe og Vestlandsk Fjordfe. I tillegg til gardsdrifta har eg også 40% stilling som sekretær for Avslaget for Sidet Trønderfe og Nordlandsfe.

Vårt "Gosen" er Flausetra! Ei mil frå garden, oppover og innover på Fåvangsfjellet. Dit flyttar vi så tidleg som mogleg om sommaren. I fjor flytta vi 15.juni, i år ser det ut til å bli enda tidlegare. Og minst 3 månader er vi der. I fjor gjekk vi heim att med geitene den 28. september. Vi trivst så godt på setra, vi er dei fyste til å flytte innpå, og dei siste til å flytte heim att. Da tar vi heller ulempen det er å transportere mjølka heim att ei veke først og sist i sesongen. Tine hentar nemleg ikkje før og etter ein viss dato.... Ikkje at det er hovudsakleg Tine si skuld trur eg, det er nok helst at mange kvir seg for å vere så lenge på setrene. Dei fleste flytter ikkje innpå før lenge etter at mjølkebilen har byrja gå, og når bilen kjem siste gongen om hausten er mange heimattflytte forlengst. Vel, dette vart eit sidesprang og eit hjertesukk om at mange ligg så stutt tid som mogleg på setra!

På setra driv vi streifbeiting. Og no skal eg IKKJE gå i fella og feie ut i eit nytt sidesprang om at dei fleste no berre har dyra på inngjerda beite også i fjellet. Det er etter mitt syn eit brot med sjølve grunntanken bak seterdrifta. Og fellesetrene vil eg heller ikkje begi meg ut på å meine noko om! For den som ikkje har prøvd, kan eg fortelje at det finst ikkje mange ting i eit garbrukarliv som gjev større sjelefred enn å sjå kua kome ranglande heim på ei lang rekke frå utmarka om eftan! Og lite som gjer ein så varm om hjarterøtene som å høyre kyrne svarar deg om du lokkar når dei nermar seg. Dei ivrigaste legg om til firsprang når dei høyrrer røysta di!

For ihuga seterbrukarar som passerer Fåvang i sommar; de er hjerteleg velkomne til å sjå innom på Flausetra! Det er berre å ta av E6 midt mellom Fåvang og Tretten og følge skiltinga mot Gopollen i 14 kilometer. Når de kjem til Fjellkapellet har de køyrd 300 meter for langt!

Med ønske om ein lang (!) og god setersommar!

Atle Meås

Nytt styremedlem: Kjersti Reksten Sole

På årsmøtet i Oppdal 7. april vart Kjersti Reksten Sole frå Lom valt inn i styret i NSK. Kjersti driv ein gard i Garmo saman med mannen Georg. Dei har seter ved Tesse, har eit allsidig gardsbruk med mange forskjellige dyreslag, og satsar m.a. på gamle ferasar. Kjersti er utdanna på landbrukshøgskolen på Ås, og er ansatt i Skjåk kommune med prosjektarbeid - der hun m.a. har arbeidd med bygdeutvikling. Ho er svært interresert i seterbruk og oppteken av framtida for denne driftsforma. Vi vil koma attende med nærare presentasjon - både av Kjersti og seterdrifta deira.

Vedtektsendring

Årsmøtet 2002 vedtok samrøystes å endre paragraf 5 til: **Ordinært årsmøte skal holdast kvart kalenderår før 10. mai.** - Grunngevinga var m.a. det er veldig tett med møte i landbruket i mars, i tillegg til at det er gjerne er betre ver og føre for reiser seinare på våren.



Desember

11.-12. desember: "Fjellenes kvinner" - stor konferanse på Røros.
Program, påmelding og info finn du på heimesida